

proESS AS
Brudsalsvegen 20
6011 Ålesund

06.05.2021

post@proess.no

Oppstartmelding detaljregulering Indreskodje – kommentarar

Syner til at proESS AS på vegne av Møre Hus AS har send ut varsel om oppstart av detaljregulering av gnr 521/5 med fleire. Det er tidlegare halde oppstartsmøte med Ålesund kommune. Planarbeidet skal leggja til rette for oppføring av bustader.

Planområdet er i gjeldande kommunedelplan avsett til bustadareal og ytterlegare framtidig bustadbygging, LNFR, offentleg eller privat tenesteyting, framtidig friområde, m.v.

Planforslaget medfører omdisponering av 38 daa fulldyrka mark. Ved behandling av kommuneplanens arealdel hadde Fylkesmannen motsegn mot å bruka området til bustadformål og friområde. I si behandling av saka godkjente Kommunal- og moderniseringsdepartementet at området vert tatt i bruk i samsvar med kommunen sitt framlegg til arealdisponering.

Våre innspel og merknader

1. Vi støttar at det blir lagt opp til konsentrert/fortetta arealbruk, særleg i øvre delar av området. Nedre delar av arealet bør regulerast/brukast slik at dyrka jord kan takast vare på til matproduksjon. Dette kan vera til vanleg landbruksdrift og/eller t.d. til parsellhagar.
2. Med den forhistoria for arealdisponering som dette arealet har, med motsegn og handsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet, finn vi det merkeleg at verken kommunen eller utbyggjar i oppstartsmøtet har tatt med at det her må på plass ein plan for etterbruk av jorda. Sjå pkt 3 og 4.
3. Som ein del av detaljreguleringsplanen / i reguleringsførere segnene må det gjerast greie for korleis matjord skal handterast, korleis etterbruk av matjord skal vera, samt sikrast at maskinførarar/entreprenørar/underentreprenørar har kompetanse og retningslinjer for korleis matjord skal handterast. Matjord skal ikkje brukast til tilretteleggingsformål.
4. Dersom det må takast bort større mengder matjord av god kvalitet bør det lagast ein plan for dette. Sjå retningsliner gitt i hefta «Jordmassar – frå problem til ressurs».

Bakgrunn

Våre merknader er m.a. basert på følgjande:

1. Vi erfarer at det ofte blir tatt for lett på utfordringa som ligg i å unngå nedbygging av dyrka og dyrkbart areal. Nedbygging av areal er langt på veg ein irreversibel prosess og ei stor utfordring både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. I 2015 vedtok Stortinget *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 *Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017 – 2021*, der det heiter at Møre og Romsdal må ta sin relative andel av jordvernmalet. Det betyr at årleg nedbygging av dyrka areal i Møre og Romsdal skal utgjera maksimalt 200 da pr år.
2. Landbruks- og matministeren og Kommunal- og moderniseringsministeren sende 8.1.2021 brev til kommunane om Jordvern og FN's bærekraftsmål. Det blir vist til at kommunane skal leggja bærekraftsmåla til grunn for si planlegging og at jordvern er ein viktig del av arbeidet med å nå måla, m.a. av omsyn til lokal beredskap, matsikkerhet og for å sikra jordbrukets produksjonsressursar over heile landet. Det blir også vist til at der sentumsutvikling er i konflikt med dyrka og dyrkbar jord skal det vera fokus på kompakt byutvikling og fortetting, samt at viktige jordbruksområder bør sikrast gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen